

Til Kirkerådet

Kopi til

Møre biskop

Domprosten i Molde

Høyrings svar om framlegget til «Vigselsliturgi og forbønsliturgi for likekjønna og ulikekjønna par»

Eg er soknepresten i Midsund i Molde domprosti. Eg vart ordiner til presteteneste i 1992, og har sidan 1993 gjort teneste som prest i kyrkjelyden her.

Eg takkar for høvet til å svare på høyringa, og har følgjande svar og kommentarar:

Spørsmål 1.

Ja, Kyrkjemøtet får det dei har bedt om: Ei ordning som i form ligg tett opp til vigselsliturgien frå 2003, men som i innhald er noko heilt anna.

Skrifta, og kyrkja si tolkning av Skrifta gjennom 2000 år, gjev ikkje heimel for å kalle eit forhold mellom to av same kjønn for eit ekteskap, sjølv om det norske samfunnet i dag gjer det. Kyrkja er forplikta på Guds ord, og kan ikkje ha ordningar som strir mot det. Då lærer kyrkja vrangt.

Spørsmål 2.

Nei. Uttrykket «Vigselsordning for likekjønna ... par» gir inga meining i kyrkja. Sjå grunngjevinga i svar til spørsmål 1.

Spørsmål 3.

3.1 Ordninga avspeglar ei ny og bibelstridig lære om ekteskapet i kyrkja. Dersom ordninga vert vedteken, er det avgjerande viktig at forrettande prest, slik det står i framlegget, har avgjerdsmynde om bruken, også når kvinne og mann skal gifte seg. Ingen må tvingast til å medverke viss denne ordninga vert brukt.

3.2 Men det må også skrivast inn i dei allmenne føresegnene at ordninga berre kan nyttast dersom også brudeparet ønsker det. Ingen må i sitt eige bryllup påtvingast ei ordning som avspeglar det dei sjølv meiner er ei ubibelsk lære.

3.3 Utsiftinga av orda «kvinne og mann», «brudeparet», «brura» og «brudgommen» med kjønnsnøytrale nemningar vert nødvendige fordi ein finn det underleg å snakke om eit bryllup med to brudgomar eller to brurer. Den kjønnsnøytale språkbruken svekkar formidlinga av kyrkja si tradisjonelle lære om ekteskapet. Det er svært uheldig.

Spørsmål 4.

Sjå svar til spørsmål 3, svar 3.3 om det kjønnsnøytrale språket.

Spørsmål 5.

Framlegget til ordning seier: «Når to menneske vel å leva saman i ekteskap, stadfestar Gud denne sameininga med si velsigning.» Denne påstanden er i beste fall ubeskytta. Med vigsel av to av same kjønn som kontekst, er den ikkje sann. Ei kristen kyrkje kan ikkje seie at Gud velsignar denne sameininga.

Spørsmål 6.

Dei to skriftorda som synest vere støytsteinen i vigselsoninga frå 2003, er tekne bort som obligatoriske. Eigna «fundamentalord» kan ingen finne.

Spørsmål 7.

Med basis i det eg har sagt ovanfor, peikar eg på at ved vigsel av to av same kjønn er erklæringa presten gjev ikkje sann. I kyrkjeleg forstand vert dei ikkje rette ektefolk.

Sjå også svar til spørsmål 3, svar 3.1 om det kjønnsnøytrale språket.

Spørsmål 8.

Ingen kommentarar.

Spørsmål 9.

Alt no har eg vorte fortalt at ein mann og ei kvinne som skal gifte seg, har etterspurt den nye ordninga som dei har høyrte ikkje er diskriminerande. Dei to skriftorda som sjølvstøtt er problematiske i høve til den nye læra, 1 Mos 1,27-28a og 19,4-6, er etter framlegget ikkje obligatoriske. Likevel skal dei kunne veljast som skriftlesingar under overskrifta «Lat oss høyra kva Guds ord seier om kjærleik og truskap».

Det er nokså paradoksalt at ein i ei ordning ikkje skal seie noko om mann og kvinne, likevel kan lese desse grunnleggande viktige tekstane om ekteskapet som Guds gode ordning for mann og kvinne.

Har ein gjort det slik for å sikre at brudepar ikkje skal velje ordninga frå 2003 for å få med desse skriftaorda i bryllupet sitt – av meir eller mindre teologiske og/eller tradisjonalistiske grunnar?

Spørsmål 10.

Kyrkja kan ikkje vie to av same kjønn til ektefolk. Då kan ho heller ikkje gjennom ei forbønshandling legitimere eit borgarleg ekteskap mellom to av same kjønn. Dei svara og kommentarane eg har gitt til framlegget til ny vigselframlegging, vil difor gjelde tilsvarande for framlegget til forbønsordning.

11.

Ingen kommentarar.

Midsund, 08.09.16

Med helsing

Stein Barlaup, sokneprest